



--

Arkiv saknr:	2018/161
Løpenr.:	738/2018
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne		18/2
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Reidun Lofthus

Årsmelding 2017 for rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Dokument i saka:

- Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd
- Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

Bakgrunn:

I Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 4 og i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. § 7 står det at rådet kvart år skal utarbeide ei melding om verksemda si.

Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

Vurdering:

Rådet har hatt denne samansetjinga i 2017

Medlem	Varamedlem
Asbjørn Gardsjord (leiar)	Gerd Inger Skjævesland
Ingfrid Solberg (nestleiar)	Jorunn Aarhus
Asbjørn Arnevik	Margit Apeland
Tor Strømme	Hanna Jordstøyl
Britt Rønningen	Reidun Hyttedalen
Anne Lise Haugen	Kari Bø
Ragnfrid Bakken	Inger Rønningen

I løpet av året har rådet hatt 4 møter der dei har handsama 17 saker.
Nokre av sakene rådet har handsama er

- Frivilligsentralen i Vinje kommune
- Regionalplan for folkehelse i Telemark
- Årsrekneskap for 2016
- Årsmelding 2016
- Planprogram - oppstart trafikksikkerhetsplan Vinje kommune 2018-2022
- Forskrift om tildeling av langtidsopphald ved Vinje sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagt for heildøgns omsorg, kriteriar og venteliste
- Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021
- Kommunedelplanen for helse og omsorg

Elles har rådet fått diverse orienteringar/informasjon frå einingar i kommunen, samt hatt vitjing frå leiaren av Eldrerådet i Porsgrunn, Hans Martin Gullhaug, som skildra korleis dei arbeider.

Rådet har også teke del i 2 aktivitetsdagar i samarbeid med Frivilligsentralen, Sanitetslaget, Friskliv og kommunen.

Medlemar av rådet har delteke på Kongsbergkonferansen (i regi av FFO Telemark) og Fylkeskonferansen for eldreråd.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Årsmeldinga til rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for året 2017 blir teke til etterretning.
--

Rådmannen, 18.01.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/